


På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd: B. Haukanes, A. R. Hauge og B. Bødker



Eg har ei teneste stor for Gud

Det skreiv Matias Orheim i ein av salmane sine. Over 50 år etter Orheim sjølv vitja kyrkja på Ådland med tale, song, felespel og glasmusikk kom Sogn og Fjordane teater og gjorde det same- nesten i alle fall. Me fekk glimt frå livet til Orheim og me fekk høyra mange av Orheim sine salmar – me fekk til og med vera med å syngja eit par. Fele og glasmusikk var det og – med tilbehør. Me fekk vera på ”møte” med Orheim og høyra ei av talene hans, - med innlagd kollekt til Kirkens Bymisjon. Og ikkje minst vart me kjend med hans kjære Marie. Som bildet til høgre syner, var det mange som ville vera med på denne opplevinga! Kjø for å koma inn i kyrkja denne kvelden. Me vart ikkje skuffa.



Eg har ei teneste stor for Gud
frå dag til dag i det stille,
der kvardagskledda vert høgtidsskrud
og livsens småting så gilde.
Ja, skal eg eingong det store få,
eg må med truskap i alt det små
i Jesu fotefar lydig gå
|: og vilje det Jesus ville. :|

I alt Guds vilje er underfull,
han har til Ordet seg bunde,
der perlesteinar og sylv og gull
til livsens byggverk vert funne.
Og når det eingong for alvor gjeld,
og livet prøvast skal gjennom eld,
Guds eige byggverk si prøve held.
|: Av småting vert storverk vunne. :|

Når då eg spør meg kvar arbeidsdag:
Kva ville Jesus vel gjere?
Så gjev han livsmოდ og arbeidslag,
så livet provar mi lære.
Om av og til det vert kvardagsgrått,
så det i striden går tungt og trått,
med bøn og bibel vert allting godt;
|: for Jesus vil krafta vere. :|

Så er mi teneste stor for Gud,
og heimen han er mi kyrkje,
der arbeidstrøya er presteskrud
i alt mitt ærlege yrke.
Så er det heime i stova fred,
til alt mitt arbeid stig englar ned,
dei har Guds rike velsigning med,
|: som dagen så er min styrke.* :|



kyrkjekalenderen

Juni

Søn.17. kl.11.00
Sætervika-stemme

Søn. 24. kl.18.00 - Ådland
Gudsteneste v. prost
Margrethe H. Askeland
Nattverd

Juli

Søn.1. kl. 11.00 - Haga
Gudsteneste m. nattverd

Søn.15. kl.11.00 - Ådland
Gudsteneste
Dåp og nattverd

Søn.29. kl.11.00 - Ådland
Gudsteneste v. prost
Margrethe H. Askeland

August

Søn.12. kl.18.00 - Haga
Gudsteneste ved
sokneprest Roar Strømme
Nattverd

Søn.19. kl.11.00 - Ådland
Familiegudsteneste
Dåp

Søn.26. kl.18.00 - Haga
Gudsteneste / storsamling
Søndagsskule for borna



Rop det ut!
Odd Aksel er sjef for
uteleikane - med og utan
sirene på roperten.



Det er ikkje heilt
lett å springa med
potet i skei, det veit
alle som har prøvd.
Men innstasen er det
ikkje noko å seia på!

Kyrkjelydsheig



Strålende sol, snøfjell og grøn skog. Wallemtunet på Kvamsko-
gen første helga i juni, er ein fin stad å ha kyrkjelydsheig. Det
var samlingar og aktivitetar både ute og inne for små og store.



frå kyrkjeboka



Døypete

27.05

- Liam Moss Liøen
- Sandra Ulvenes Yndestad
- Mariell Liøen Tveiterås
- Natalie Drevsjø
- Celina Klette
- Sandra Elise Steinsland
Trenge Reid



Vigde

19.05

Anne Mette Storlid Haug
og Roy Helge Haug

02.06

Camilla Holdhus
og Rune Litangen

09.06

Irmelin Aadland Haga
og Edd Andre Bjørkmo

Katrin Rondestveit
og Kristoffer Nyteit



Døde

d. 06.06. - Johannes
Tysse Land